



Til
barnehagar og barne- og ungdomsskular i kommunen

Vår ref: 19/2651-1/521.2

Vår dato: 06.06.2019

Sikre overgang ved byte av barnehage og skule for barn med hjelpemiddel for kommunikasjon og kognisjon

Det nærmar seg sommarferie og etter kvart nytt skuleår. Mange barn som nyttar hjelpemiddel skal flytte til nye arenaer, frå barnehage til skule eller frå ein skule til ein annan.

Pass på at desse barna får med seg alle hjelpemidla sine til den nye staden.

Hjelpemiddel er utlånte personleg gjennom folketrygda, til kvart enkelt barn. Som tilsette er de ansvarlege for at barna får med seg hjelpemidla vidare, eller at hjelpemidla vert returnerte til NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland viss dei ikkje lenger er i bruk.

Hjelpemiddel for kommunikasjon

Kommunikasjonshjelpemiddel kan vere programvare med symbolbibliotek, permar med symbol, talemaskiner i form av nettbrett eller større maskiner med augestyling. Pakk hjelpemidla forsvarleg ved flytting, og merk dei godt med barnet sitt namn. Sjå til at dei vert leverte heim eller til rett person på den nye staden.

Hjelpemiddel for kognisjon

Kognitive hjelpemiddel kan vere «timere» som timestokk/MemoTimer, dagtavler med tilbehør, programvare med symbolbibliotek eller kalendrar på mobiltelefonar eller nettbrett. Merk hjelpemidlet med barnet sitt namn, og sjå til at det vert levert heim eller til rett person på den nye staden.

Overfør ansvar for opplæring og oppfølging

Det er viktig for utviklinga av kommunikasjon hos barnet, at nødvendig kompetanse blir overført, slik at barnet fortsatt får bruke språket sitt for å fungere i kvardagen. Gi opplæring til nytt personell som skal overta, og sørg for at det vert oppnemnt ein ny person med ansvar for oppfølginga.

Kurs

NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland held kurs i programma for dei ulike hjelpemidla. Sjå [kurskalender på nav.no](#) for informasjon og påmelding.

Kontakt oss

Ta kontakt med oss viss de er usikre på hjelpemidla eller har spørsmål:
nav.hjelpemiddelsentral.hordaland@nav.no // sentralbord 407 02 812 (kl. 10.00 – 14.00).

Med vennleg helsing

IKT-rådgjevarane
NAV Hjelpemiddelsentral Hordaland